

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSKLAG 2010

Stad: Klubbhuset

Tid: 8. mars 2010 kl. 19.00-21.45

Frammøte: Det møtte 11 medlemmer i tillegg til hovudstyret og dagleg leiar. Karl Johan Reigstad, Bernt Johan Flæsland, Øivind Litland, Randi Vevle, Lars_erik Haga, Kjersti Kleppe, Ivar Solberg, Åse Bergheim, Eirik Bergan, Magne Skistad, Svein Lohne, Jørgen Varden, Eystein Markmanrud, Lisbeth Neu, Geir Kleppe, Ragnhild Balsvik, Tore Langeland

SAKLISTE

SAK 1 Godkjenning av innkalling og sakliste, samt stemmerett til deltakarane.

Innkallinga og saklista vart einstemmig godkjend. Alle frammøtte er medlemmer av OIL og har dermed stemmerett.

SAK 2 Val av ordstyrar, referent og 2 til å skrive under møteprotokoll. Karl Johan Reigstad vart vald til ordstyrar, Ragnhild Balsvik til referent, og Øivind Litland og Magne Skistad vart valde til å underskrive referatet frå årsmøtet.

SAK 3 Årsmelding for 2009 inkl. gruppene sine årsmeldingar. Årsmelding vart delt ut og dagleg leiar Tore Langeland las årsmeldinga for hovudstyret. Merknader: Norunn Rosnes har revidert delar av rekneskapen for OIL i staden for Bjarte Lohne. Feil etternamn på skrivar i fotballgruppa; skal rettast til Roald Martinsen. Ut over dette var det ikkje merknader til hovudstyret si årsmelding. Årsmeldingane for kvar gruppe vart og lest opp av ein frå kvar gruppe. Det var ikkje merknader til desse.

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjend av årsmøtet med dei merknader som kom fram.

SAK 4 Rekneskap for 2009 og disponering av årsresultat. Fellesrekneskap for heile OIL vart delt ut og gjennomgått av Tore Langeland. Note med oversikt over lån som OIL har ansvar for vart gjennomgått av kontrollar Geir Kleppe. Revisjonsberetning frå 4 revisorar låg føre. Det låg føre nokre merknader til bilag i skigruppa og fotballgruppa, men revisorane tilrår at rekneskapen for kvar gruppe vert godkjend.

Vedtak: Årsmøtet godkjende den framlagte rekneskapen med disponering av årsresultat slik han låg føre.

SAK 5 Organisasjonsplan.

Etter basis-lovnorma skal årsmøte kvart år vedta laget sin organisasjonsplan. OIL sin første organisasjonsplan vart vedteke på årsmøte i 2008. Forslag til ny organisasjonsplan vart lagt fram for årsmøtet. I forhold til vedteken plan blei det gjort framlegg om følgjande endringar/tillegg:

- Volleyballgruppa vert lagt ned som eigen gruppe, og dermed fjerna frå organisasjonsplanen.
- Styresamansetning. Endringar i forhold til vedteken organisasjonsplan er basert på drøftingar i siste fellesmøte med gruppene den 25. januar 2010. Hovudstyret skal ha 9 medlemmer: leiar, nestleiar, kontrollar og skrivar, samt eit styremedlem frå kvar av dei fem store gruppene i OIL.

Vedtak:

Organisasjonsplanen vart einstemmig vedteken, med ei endring i andre kulepunkt under overskrifta Hovudstyret.: "Kontrollar har eit særleg ansvar for økonomiforvaltninga."

- *Volleyballgruppa vert lagt ned som eigen gruppe, og dermed fjerna frå organisasjonsplanen.*
- *Styresamansetning. Hovudstyret skal ha 9 medlemmer: leiar, nestleiar, kontrollar og skrivar, samt eit styremedlem frå kvar av dei fem store gruppene i OIL.*

SAK 6 Budsjet/medlemspengar

Tore Langeland la fram forslag til budsjett med føresetnader.

Ved fordeling av kostnader til dekning av lån på kr 1,8 mill kr til Fugledalen hadde hovudstyret følgjande forslag til fordeling til årsmøtet:

Fotball 65%

Friidrett 25%

Turn 5%

Handball 5%

Eirik Bergan og Ivar Solberg frå fotballgruppa hadde innvendingar til styret sitt framlegg og kom med eit forslag om utsetjing av vedtak om fordeling av kostnader ved betjening av lånet på 1,8 mill kr. Hovudstyret trekte sitt framlegg.

Årsmøtet gjorde følgjande einstemmige vedtak:

Vedtak om finansiering, og fordeling av finansiering, på lån stort kr 1,8 mill vert utsett, og årsmøtet ber styret komme attende til denne saka i eit ekstraordinært årsmøte innan utgangen av mai.

I budsjettframlegget er det lagt opp til ei investering på kr 75 000 kr knytt til eit tilbod frå Abile om intranett og medlemskommunikasjonsløyning. Svein Lohne etterlyste grunngeving for ei slik investering og Magne Skistad meinte at slik den økonomiske situasjonen er bør ein kanskje vurdere å utsetje ei slik investering.

Vedtak:

Årsmøtet godkjende einstemmig framlegget til budsjett for 2010, som bla inneber ei investering i intranettløyising som vert finansiert ved å fordele kostnaden på gruppene etter medlemstal.

➤ Medlemspengar 2011

Hovudstyret sitt framlegg til medlemspengar for 2011 var for vaksne kr 475 og for born kr 275. Det kom framlegg frå Randi Vevle om at den største auken i medlemspengane skulle komme for vaksne og ikkje for born slik styret sitt framlegg innebar. Randi Vevle sitt framlegg vart vedteke med 10 mot 7 stemmar.

Vedtak:

Medlemspengane for 2011 vert:

Barn kr. 250,-

Vaksne kr. 500,-

purregebyr på kr. 50 pr. purring

Innmeldte f.o.m. 01.08. i året betalar halvparten av medlemspengar for det første året.

SAK 7 Val.

Vedtak: Alle val/vedtak var einstemmige, og er sett opp nedanfor:

HOVUDSTYRET:

Leiar	Ragnhild Balsvik	10
Nestleiar	Listbeth Neu	10
Sekretær	Eystein Markmanrud	10/11
Kontrollar	Geir Kleppe	10
Fotball	John Erik Jørgensen	10/11
Turn	Randi Velve	10/11
Ski	Øivind Litland	10/11
Handball	Albert Slettebakken	10/11
Friidrett	Åse Bergheim	10/11

Revisorar for 2010 rekneskapen: Laila Borge, Bjarte Lohne, og Svein Lohne.

Styret får fullmakt til å utpeika representantar til ting og møter i organisasjonar idrettslaget er tilslutta, samt å utpeike valnemnd i god tid før neste årsmøte.

Underskrift: Øivind Litland

Magne Skistad

Dato

Dato

Referent: Ragnhild Balsvik
Utkast referat: 08.03.2010